

– Eg er ingen asket med omsyn til eiga helse, og burde nok levd meir i tråd med det eg prediker, seier professor i allmennmedisin, Steinar Hunskaar. I går ettermiddag måtte han sjølv «klemma ut» naudsynte dråpar blod — som deltakar i «eiga» forskning.

# Professoren granskar seg sjølv

Av Kenneth Ø. Monsen

Steinar Hunskaar frå Alversund er 42 år gammal. Og såleis kalla inn til Statens Helseundersøkingar si hjarte- og kargransking av førtiåringane i distriktet.

Det litt spesielle er at Hunskaar sit på begge sider av bordet under gjennomføringa av den kombinerte helseundersøkinga og forskingsopplegget: Som professor i allmennmedisin ved Universitetet i Bergen (deltakar i styringsgruppen for opplegget), og som «pasient». Strilen har snakka med «begge».

Kvifor stilla opp i køen framfor «sjekkebussen»?

Førtiåringen: – Av tre grunnar. Ein: for å få ein enkel, men viktig helsesjekk. To: For å få konkret personleg attendemelding, gjerne med eit «spark bak», alt etter utfallet av prøvene. Tre: Det samfunnsnyttige ved å bidra til forskning.

Professoren: – Det er viktig at alle som vert innkalla møter, først og fremst for si eiga skuld — men og av di data som vert innhenta i samband med konsultasjonen er viktige i framtidig forskning og eventuelle førebyggjande tiltak.

Det heile minnar jo om ei slags skrifting? Førtiåringen: – Ja, og det er det. Sjølv har eg nokonlunde kontroll på eiga helse. Eg har aldri røykt, og såleis eliminert ein risikofaktor. Men eg veit det er arveleg hjartesjukdom i familien — og det er noko ein normalt ikkje kan gjera noko med. Likevel gjev undersøkinga, med tilhøyrande spørjeskjema og gjennomgangen av dette eit unikt høve til å tenkja seg om...

Professoren: – ...det kan vera livreddande når deltakarane ein gong vert i femtiåra. For det er det som er grunnleggjande ved helsekontrollen: Oppdaga og peika på faresignal, slik at ein kan endra livsførsel og oppleva å vera seksiti, sytti og kan henda òg åtti år. Undersøkinga er ikkje for å redda førtiåringane frå å dø av hjarte- og karsjukdomar, men for å redda dei same personane frå å dø ti-tolv-femten år seinare.

Og denne typen tiltak har effekt?

Professoren: – Utan tvil. Dei ti-femten siste åra har talet på personar i aktuell aldersgruppe som har døydd av hjarte-

/karsjukdomar gått jamnt og trutt ned. Dette er ein trend som går att i heile Europa, og som delvis kan tilskrivas fokusering på livsstil og livsstilssjukdomar. Men der er nok andre årsaker til nedgangen og, som forskninga ikkje heilt har oversikt over enno.

Desto meir er eg uroa over den dramatiske auken i tilfelle av lungekreft hjå kvinner. Desse er dobla sidan 1975. Dette er relatert til røyking — og me ser effekten av at kvinner tok til å røykja for fullt for 20-25 år sidan. Lungekreft er bortimot uheldigeleg. Fem år etter stilt diagnose lever berre òtte prosent av pasientane.

Korleis førebyggjer du framtidige hjarte-/karsjukdomer?

Førtiåringen: – Mellom anna ved å freista å vera medviten på kva eg et. I dag åt eg to gulrøter til frukost... Men, eg tek meg ein hamburger i ny og ne. Dessutan trimmar eg altfor sjeldan, og det er ein mørk flekk på samvitet mitt. Eg skulle gjerne ha vore finkare, men eg er ingen asket...

Professoren: – Det er jo slik at ein burde ha vore slik ein predikerer at andre bør vera. Men så var det dette med liv og lære...

Likevel, det viktigaste er å ha eit avslappa, men likevel medvite tilhøve til eiga helse. Ein må ikkje stressa for å halda seg sunn, for det er usunt. Ein må kunne ha det godt med seg sjølv.

## Att og fram om nye Lindås-namn

Av Hans E. Storheim

Fastsetjing av nye vegnamn er ikkje alltid like enkelt, i alle høve ikkje for bustadfeltet Grønfjellet på Lindås. Der vert det no ny offentlig høyring om namnet. Grunnen er at det er at oppmålingsavdelinga i Lindås meiner det er betre å bruka «Grønfjelli» enn «Grønhaugane».

Statens Namnekonulentar på Vestlandet gjer det klart at -liæ er i strid med reglane i stadnamnlova. Skrivemåten må i så fall verta «Grønfjelli», og dette



FANN ÅRA: Professor i allmennmedisin, Steinar Hunskaar, er medlem av styringsgruppa bak forskninga som skal gjerast etter førtiårsundersøkinga. På biletet gjev han datagrunnlag til eiga forskning. Prøvetakar er sykesøster Ann Berg.

## Hordalandundersøkinga:

I tillegg til sjølv hjarte-/karundersøkinga, er førtiåringane som deltek med og danner datagrunnlag for ulike forskingsprosjekt. Svarene deltakarane gjev skal mellom anna kartleggja ulike tilhøve ved det norske samfunnet.

Professor Steinar Hunskaar er involvert i eit opplegg i regi av Universitetet i Bergen. Opplegget skal setja fokus på tre ulike emne:

- Vald (opplevd vald som har påført medisinsk skade)
  - Medisinbruk hjå førtiåringane.
  - Urinvegsplagar hjå kvinner — der kvar femte kvinnelege deltakar får tilbod om oppfølgjande undersøkingar.
- Dette er delforskning som er avgrensa til vårt fylke, og vert omtala som «Hordalandsundersøkinga».

namnet vil no gå ut på lokal høyring.

Kultursjef Jostein Mykletun har òg uttalt seg om namn på vegane i det aktuelle bustadfeltet. Han meiner at Jonsokhaugen og Svebrekkene bør brukast.

Spørsmålet om å bruka Grønfjellia må uansett tilbake til Statens Namnekonulentar. Dei skal gje endeleg tilråding til Statens Kartverk i Hordaland når kommunen har sendt inn eventuelle merknader.

For to vegnamn i Alversund er situasjonen litt enklare. Det gjeld Kyrkjevegen og Prestabrekka. For siste vegen hadde kommunen føreslege Prestebrekka. Namnet vert uttala «Prestabrekka», og då er rett skrivemåte «Prestabrekka», gjer namnekonulentane merksam på.

Namna «Kyrkjevegen» og «Prestabrekka» skal ut på lokal høyring. Dersom det ikkje kjem inn merknader, kan kommunen rekna namna som godkjende og ta dei i bruk.